# Referat

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dato:** | 04.11.2019 | **Sakshandsamar:** | Eli M. Vik Næss |
| **Tid:** | 12:00 – 14:30 | **Tlf sakshand** | 951 91 805 |
| **Referent:** | Eli M. Vik Næss | **Vår dato:** | 13.11.2019 |

## Styringsgruppa for Førdepakken

| | |
|---|---|
| **Møtenr:** | 3/2019 |
| **Stad:** | Førde – Prosjektkontor Førdepakken og Skype |
| **Møteleiar:** | Svenn Egil Finden |
| **Til stades:** | Ole John Østenstad (OJØ), Tore Eriksen (TE), Svenn Egil Finden (SF), Vigdis Lobenz (VL), Erling Varlid (EV), Lise Mari Haugen (LMH), Kaisa Tonheim Banne (KTB) og Eli M. Vik Næss (EMN) |
| **Forfall:** | |

V: Vedtak, O: Orientering

| Punkt | Sak | Ansvar/Frist |
|---|---|---|
| **17/2019** | **Referat frå sist møte – 19. juni 2019**<br><br>*Oppfølging av saker førre møte:*<br>– 9/2019 Fullmaktsdokument Førdepakken (O)<br>Vi bør ikkje skilje på Statens vegvesen og Vegdirektoratet i fullmaktsdokumentet. Bør endrast til Statens vegvesen.<br><br>Status: Dokumentet er korrigert<br><br>– 10/2019 Tiltak 3 og 4 Hafstadflata<br>SVV har meirkostnader og forseinkingar fordi  Førde kommune er forseinka når det gjeld prosjektering av sin del. Dette vil Førde kommune ta opp med konsulenten.<br><br>Status: Førde kommune har teke det opp med konsulenten og det er blitt betre.<br><br>– 10/2019 Tiltak 5 Bergumkrysset<br>Kva kostnadsoverskridinga skuldast må granskast i SVV.<br><br>Status: Sjå statusrapporten (18/2019)<br><br>– 10/2019 Tiltak 8 Gangbru over Jølstra i sentrum | |

| | | |
|---|---|---|
| | Utlyst på parallellkonkurranse. Brutype, utforming, material og kostnad vert handsama i styringsgruppa etter at Førde kommune har handsama saka<br><br>Status: Sjå statusrapporten (18/2019)<br><br>- 12/2019 Fordeling av kostnader med fellesgrøfter (V)<br>Saka vert utsett til neste møte. Partane ser på formuleringa knytt til rundskriv 90/10 på nytt til neste møte.<br><br>Status: Er ført opp som eiga sak 21/2019<br><br>14/2019 Nye retningsliner for porteføljestyrte bompengepakkar<br><br>Status: Gjeld ikkje for Førdepakken med meir proposisjonen skal reviderast. Sjå notat til sak 20/2019 | |
| **18/2019** | **Statusrapport pr. oktober 2019 – alle tiltaka i Førdepakken (O)**<br><br>Sjå saksdokument.<br><br>*Diskusjon*:<br><br><u>Tiltak 5 Bergumkrysset</u><br>Kostnadsoverskridinga på over 100% skuldast:<br>- For lågt anslag opphavleg<br>- Bossplass – ikkje registrert<br>- Lærdom – stoppe opp etter byggherrekalkylen før utlysing dersom kalkylen syner overskriding<br>- Stort press i reguleringsfase på å ta med forhold som ikkje er med i det økonomiske grunnlaget for Førdepakken<br>- Ofte rett å regulere inn forhold som vi ikkje har budsjett til, men det må kome klart fram at det ikkje er ein del av Førdepakken<br>- Administrasjonen forventar tilbakemelding frå styringsgruppa<br><br>Diskusjon:<br>Kan få dårlege løysingar dersom vi tek vekk gode kvalitetar i prosjekta. Ikkje trong for internrevisjon. Årsakene til overskridinga er godt nok belyst. | |

| | | |
|---|---|---|
| | <u>Tiltak 12 Indre Øyrane – Langebruvegen</u><br>Kan vere aktuelt å leggje VA-anlegg i traseen slik at vi må passe på at dette vert med i prosjekteringa. Sjekk at dette har vore kommunisert godt nok og er kome med.<br><br><u>Tiltak 18 – Kyrkjevegen, fortau</u><br>Ikkje heile strekninga som er vist i karta er med i det som skal byggjast, jf. det som låg til grunn for stortingsproposisjonen. Vi bør vurdere å regulere inn heile strekninga frå Angedalsvegen forbi kyrkja og ned til Elstervegen, sjølv om kanskje ikkje alt vert bygd.<br><br>Diskusjon:<br>– Det nye kommunestyret i Sunnfjord kommune ønskjer ein gjennomgang av kva som ligg i Førdepakken, og kva som ikkje ligg der på møte 16. januar. Positivt at prosjektleiar stiller og orienterer. Kan ev. ta med andre. | EV<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>OJØ/EV |
| 19/2019 | **Dei offentlege aktørane sine økonomiske bidrag til Førdepakken (V)**<br>Sjå saksframlegg.<br><br>*Diskusjon:*<br>Kommunal deflator ligg til grunn for prisomreknings-faktoren for Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkes-kommune.<br><br>*Konklusjon:*<br>Styringsgruppa er samd i at det er kommunal deflator som ligg til grunn for regulering av prisomrekning av tilskota frå fylket og kommunen. Statens vegvesen nyttar SSB sin indeks for «veganlegg i alt» | |
| 20/2019 | **Den økonomiske utviklinga for Førdepakken (O)**<br>Sjå saksframlegg.<br><br>*Diskusjon*:<br>Det er kome ny elektronisk veileder for bompengeprosjekter som erstattar handbok V718. Linken finn de her:<br>https://www.autopass.no/om-autopass/veileder-bompengeprosjekter-og-takstretningslinjer<br><br>Betre å heve bompengetakstane enn å heve månadstaket sidan det vert vurdert til å vere meir usikkert kva effekten ved å auke månadstaket vil ha. | |

| | | |
|---|---|---|
| | Bompengeselskapet søkjer og Vegdirektoratet gjere vedtak. Førde kommune får saka til uttale når fylkeskommunen får den til vedtak. Fylkeskommunen må gjere vedtak pga. den fylkeskommunale garantien.<br><br>Hittil er det Statens vegvesen som har utarbeidd eit brev som fylkeskommunen innarbeider i sitt sakstilfang. Statens vegvesen er usikre på om det er Ferde eller den nye myndigheitsavdelinga til Statens vegvesen som utarbeider brevet frå neste år.<br><br>Saka treng ikkje handsamast i styringsgruppa.<br><br>Brevet til handsaming vert sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune med det første.<br><br>Drøfta mediestrategi for dette sidan ein må forvente stor interesse frå lokale media på ein evt. auke i bompengetakstane. Etter bomvegreforma, iverksett frå januar 2018, skal ikkje utbyggingsorganisasjonen ha ansvar for inntektssida. Styrings- og strategistaben uttaler seg på vegne av SVV og Førdepakken. | KTB |
| 21/2019 | **Fordeling av kostnader med fellesgrøfter (V)**<br>Sjå saksframlegg.<br><br>*Diskusjon*:<br>Førde kommune kan vera med på å skrive under avtalen dersom det vert gjort vedtak i styringsgruppa om at det må vere reell standardauke som vert lagt til grunn. Det bør vere avtalt på førehand når ein startar eit nytt tiltak.<br><br>*Vedtak:*<br>Styringsgruppa tok til orientering at Førde kommune vil skrive under standardavtalen, og kostnadsfordelinga skal avgjerast før prosjekta startar opp. | EV/OJØ |
| 22/2019 | **Årsrapport 2018 (O)**<br>Sjå saksframlegg<br><br>Ingen merknader | |
| 23/2019 | **YMSE**<br><br>• *Neste styringsmøte: 18. februar* | EV |

Oppfølgingssaker styringsgruppa Førdepakken

| Sak nr. | Omtale | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| 18/2019 | **Statusrapport pr. oktober 2019 – alle tiltaka i Førdepakken**<br>Tiltak 12 Indre Øyrane – Langebruvegen<br>Kan vere aktuelt å leggje VA-anlegg i traseen slik at vi må passe på at dette vert med i prosjekteringa. Sjekk at dette har vore kommunisert godt nok og er kome med.<br><br>Det nye kommunestyret i Sunnfjord kommune ønskjer ein gjennomgang av kva som ligg i Førdepakken, og kva som ikkje ligg der på møte 16. januar. Positivt at prosjektleiar stiller og orienterer. Kan ev. ta med andre. | EV<br><br>OJØ/EV | |
| 20/2019 | **Den økonomiske utviklinga for Førdepakken**<br>Brevet til handsaming vert sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune med det første. | KTB | |
| 21/2019 | **Fordeling av kostnader med fellesgrøfter**<br>Førde kommune skriv under standardavtalen, og kostnadsfordelinga skal avgjerast før prosjekta startar opp. | EV/OJØ | |